

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato skriven: 15.01.2009
 Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 02.12.08 - 14.01.09**

Styresak 005/09 0

Styremøte 04.02. 2009

Administrerande direktør si orientering pkt 11

Del 1 i oversikten gjeld saker der det statlege tilsyns-, kontroll- eller klageorgan har vendt seg direkte til Helse Vest RHF.

Oversikten inneholder

- nye saker tilsendt i perioden 02.12.08 – 14.01.09
- eldre saker dersom desse ikke var avslutta ved sist rapportering

I del 2 er det tatt inn konkrete tilsyns-, kontroll- og klagesaker som gjeld helseføretaka i regionen.

Del 1

Tilsynsmyndighet	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen	09.01.09	Riksrevisjonen viser til Helse Vest si avtale med rekrutteringsselskapet Paragona inngått utan føregående kunnjering 30.04. 2007 og ber om at det blir gjort greie for kvifor avtalen ikke blei konkurransesett, kva undersøkingar som blei gjort av leverandørmarknaden og kva som er kontraktsverdi og faktiske kostnadars per 31.12. 2008.	Svarfrist er sett til 29.01. 2009.
Statens helsetilsyn		Det er ikke motteke saker frå Statens helsetilsyn i perioden.	
Arbeidstilsynet	07.01.09	Arbeidstilsynet ber i brevet om møte med Helse Vest om begynnande oppsummering av God Vakt tilsyn 2008 med hovedfokus på forholdet mellom oppgåver og ressursar.	Møte er avtalt til 20.01. 2009.
Datatilsynet		Det er ikke motteke saker frå Datatilsynet i perioden.	
Klagenemnda for offentlige anskaffingar		Helse Vest RHF har ingen saker til behandling for klagenemnda.	
Sivilombudsmann		Det er ikke motteke saker frå Sivilombudsmannen i perioden.	

--	--

Del 2

Tilsynsmyndighet	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen	Det er ikkje motteke saker frå Riksrevisjonen i perioden.		
Statens helsetilsyn	14.01.08 26.05.08	<p>Varsel om tilsyn med Frelsesarmeens Behandlingssenter, avd Heskestad 12.03.08. Tilsynet omfattar inntak, utgreiing, behandling og utskriving av pasientar.</p> <p>Oversending av rapport. Ved tilsynet blei det funne to avvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> - institusjonen sikrar ikkje at pasientane alltid får forsvarleg utgreiing og behandling - alle journalopplysingar blir ikkje samla i pasientjournalen <p>Helse Vest har 22.10.08 bedt Helsetilsynet i Rogaland om opplysingar om status i saka. I munnleg tilbakemelding til Helse Vest har Helsetilsynet orientert om at avvika ikkje er lukka, og at det etter avtale med institusjonen er planlagd eit besök ved institusjonen i mars 2009 for</p>	
	31.03.08 03.09.08	<p>Melding om tilsyn med Sandnes DPS, Stavanger Universitetssjukehus, Helse Stavanger 3.-4. juni 2008.</p> <p>Oversending av rapport. Formålet med tilsynet var å vurdere om verksemda tek hand om ulike krav i lovgivinga gjennom internkontrollen sin. Ved tilsynet blei det påpeikt to avvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Sandnes DPS har ikkje sørgt for tilstrekkeleg kompetanse i form av legeressursar - Sandnes DPS har ikkje sørgt for at journalane er ført jamleg og innehold relevante og nødvendige opplysingar <p>Helse Stavanger er gitt frist til 15. oktober 2008 med å gi melding om kva tiltak som blir gjort for å rette på avvika.</p> <p>Administrerande direktør i Helse Stavanger rapporterer i notat til styret i Helse Stavanger HF datert 13.10.08 at Sandnes DPS har gitt tilbakemelding til Helsetilsynet om arbeidet med å lukke avvika.</p> <p>Helsetilsynet har lukka avvik nr 2. Med omsyn til legeressursar har Helsetilsynet bedt om en ny tilbakemelding frå Helse Stavanger innan april 2009 for å kunne vurdere om tiltaka verker.</p>	
	20.08.08	<p>Oversending av rapport frå tilsyn med Betanien distriktspsykiatriske senter 18. – 19. juni 2008. Formålet med tilsynet var å vurdere om verksemda tek hand om ulike krav i lovgivinga gjennom internkontrollen sin. Det blei påpeikt to avvik frå helselovgjevinga under tilsynet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Betanien DPS avviser nokre tilvisingar som ikkje innehold tilstrekkelege opplysingar til å kunne vurdere om pasienten har rett til nødvendig helsehjelp - Alle nødvendige opplysingar og vurderingar er ikkje alltid førde i pasientjournal <p>Betanien er gitt frist til 1. oktober 2008 med å gi melding om</p>	

		kva tiltak som blir gjort for å rette på avvika.
	03.10.08	Jæren DPS, Kløver 1. Melding om tilsyn med behandling av legemiddel utan eige samtykke onsdag 10.12.08. Tilsynet vil omfatte korleis verksemda sikrar ein forsvarleg behandling med legemiddel utan eige samtykke.
	03.10.08	Helse Stavanger HF, Psykiatrisk divisjon, A2. Melding om tilsyn med behandling av legemiddel utan eige samtykke fredag 12.12.08. Tilsynet vil omfatte korleis verksemda sikrar ein forsvarleg behandling med legemiddel utan eige samtykke.
	15.10.08	Oversending av rapport frå tilsyn ved Åstveit Helsesenter 22. – 23. september 2008. Tilsynet omfatta følgjande tema; vurdering og prioritering av nye pasientar, inntak og behandling, samarbeid med kommunale tenester i samband med utskriving og journalføring. Ved tilsynet blei det påpeikt to avvik frå krav i helselovgevinga <ul style="list-style-type: none"> • Ein har ikkje sørsla for at tilsette har nødvendig kunnskap om krav i pasientrettslova og kva praktiske konsekvensar desse krava har for vurdering av tilvisingar. • Ein har ikkje rutinar for at det blir gjort medisinsk faglege vurderingar av alle pasientar ved innkomst og utskriving. Det er ikkje etablert rutine for å sende epikrise til fastlege. Åstveit er gitt frist til 31. desember 2008 med å gi melding om kva tiltak som blir gjort for å rette på avviket.
	15.11.08	Oversending av rapport frå tilsyn ved Hagahaugen Rehabiliteringssenter 21. oktober 2008. Ved tilsynet blei det påpeika eit avvik frå krav i helselovgevinga: <ul style="list-style-type: none"> • Hagahaugen har ikkje rutinar for at det blir gjort medisinsk faglege vurderingar av alle pasientar ved innkomst og utskriving. Hagahaugen er gitt frist til 1. februar 2009 med å gi melding om kva tiltak som blir gjort for å rette på avviket.
	27.11.08	Oversending av rapport frå tilsyn ved Ravneberghaugen Rehabiliteringssenter 29. oktober 2008. Ved tilsynet blei det påpeika to avvik frå krav i helselovgevinga: <ul style="list-style-type: none"> • Ravneberghaugen har ikkje rutinar for at det blir gjort medisinsk faglege vurderingar av alle pasientar ved innkomst og utskriving. Det er ikkje etablert rutinar for å sende epikrise til fastlege. • Ravneberghaugen har ikkje ein samla journal med relevante og nødvendige opplysingar for kvar einskild pasient. Ravneberghaugen er gitt frist til 1. februar 2009 med å gi melding om kva tiltak som blir gjort for å rette på avviket.
	18.12.08	Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Bergen HF, Nevroklinikken, Spinaleininga 25. – 28.11. 2008. Ved tilsynet blei det ikkje avdekt forhold som var i strid med krav i helselovgevinga, og tilsynet er med det avslutta.
	05.01.09	Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Bergen HF, Hjarteavdelinga, Medisinsk intensiv og overvakning 25. – 28.11. 2008. Ved tilsynet blei det ikkje avdekt forhold som var i strid med krav i helselovgevinga, og tilsynet er med det avslutta.
	05.01.09	Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Bergen HF, Kirurgisk serviceklinikk, Intensivmedisinsk seksjon og

		Postoperativ seksjon 25. – 28.11. 2008. Ved tilsynet blei det ikkje avdekt forhold som var i strid med krav i helselovgjevinga, og tilsynet er med det avslutta.
Arbeidstilsynet	27.06.08	Melding om tilsyn i Helse Førde HF. Vidareføring av God vakt! i 2008. God vakt! er eit nasjonalt prosjekt retta mot helseføretaka. Prosjektet starta i 2004, og tilsyna blei gjennomført i løpet av 2005 og 2006. Alle helseføretak som då blei ført tilsyn med vil få oppfølgingstilsyn i 2008. Tilsynet i Helse Førde vil finne stad i perioden 11.09. – 20.11.08.
	16.12.08	Oversending av tilsynsrapport God Vakt. Arbeidstilsynet registrerer at Helse Førde no arbeidar meir systematisk med HMS enn det som kom fram under tilsyna i samband med God vakt i 2005 og synest å ha klart å få HMS implementert og levandegjort i store delar av organisasjonen. Det blei like fullt funne nokre manglar ved det systematiske HMS-arbeid som medførte sju merknadar.
	27.06.08	Melding om tilsyn i Helse Stavanger HF. Vidareføring av God vakt! i 2008. God vakt! er eit nasjonalt prosjekt retta mot helseføretaka. Prosjektet starta i 2004, og tilsyna blei gjennomført i løpet av 2005 og 2006. Alle helseføretak som då blei ført tilsyn med vil få oppfølgingstilsyn i 2008. Tilsynet i Helse Stavanger vil finne stad i perioden 02.09. – 27.10.08.
	12.12.08	Oversending av tilsynsrapport og varsel om pålegg. Rapporten gjengir dei funn som er gjennomgåande for verksemda. Arbeidstilsynet har avdekka fleire forbettingsområde og nokre av desse kjem i form av merknad/avvik. Sjølv om ikkje alle forbettingsområda blir gitt som pålegg bør sjukehuset fokusere også på desse. Arbeidstilsynet si samla vurdering er at SUS er inne i ein god prosess og framdrift når det gjeld HMS-arbeidet. Det blir varsle eit pålegg og 3 merknadar.
	12.01.08	Vedtak om pålegg. Med bakgrunn i tilsynet er det gitt pålegg om at verksemda må sørge for at prosessar i samband med omstillingar som har verknad for dei tilsette sitt arbeidsmiljø, blir gjennomført slik at medverknad og vurdering av konsekvensar blir ivaretake på alle nivå som er berørt. Frist for gjennomføring er sett til 18.05. 2009, og det er gitt nærrare vilkår for kva som må vere gjennomført for at pålegget skal bli vurdert som lukka.
	27.06.08	Melding om tilsyn i Helse Fonna HF. Vidareføring av God vakt! i 2008. God vakt! er eit nasjonalt prosjekt retta mot helseføretaka. Prosjektet starta i 2004, og tilsyna blei gjennomført i løpet av 2005 og 2006. Alle helseføretak som då blei ført tilsyn med vil få oppfølgingstilsyn i 2008. Tilsynet i Helse Fonna vil finne stad i perioden 02.10. – 01.12.08.

	12.12.08	Oversending av tilsynsrapport og varsel om pålegg. Det er registrert at Helse Fonna har vist stor vilje og lagt ned stor innsats for å få til eit levande HMS-system, men det er avdekka nokre manglar som medfører 2 merknadar og varsle om 2 pålegg.	
	17.12.08	Helse Bergen HF. Oversending av tilsynsrapport og varsel om pålegg. Arbeidstilsynet har avdekka fleire forbettingsområde og nokre av desse kjem i form av merknadar/avvik. Sjølv om ikkje alle forbettingsområda blir gitt som pålegg bør Helse Bergen fokusere også på desse. Det blir varsle 2 pålegg og ein merknad.	
Datatilsynet		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.	
Statens strålevern		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.	
Klagenemnda for offentlige anskaffingar	19.09.08	Helse Bergen HF. Saka gjeld konkurranse med forhandling for kjøp av pasientterminal-løysing. Klager er Solution Partner AS.	Avgjerd føreligg ikkje.
	13.11.08	Helse Stavanger Hf. Saka gjeld ein open anbodskonkurranse for kjøp av tenester knytt til behandlingshjelpe midlar. Klager hevder at oppdragsgivar sin tilbodsevaluering er mangefull på ein rekke punkt. Vidare blir det hevd at oppdragsgivar sin klagebehandling og nærmare grunngjeving ikkje tilfredsstillar krava i regelverket.	Avgjerd føreligg ikkje.
Sivilombudsmannen	Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden.		